

Deltema 6: Vassforsyning og avløp – miljøpåverknad


6.1 Metode

Arbeidet er utført med bakgrunn i faktaark for vassførekomstar, databaseoppslag og tilgjengelege vitskaplege rapportar.

Omfanget er vurdert i høve til dagens situasjon, 0-alternativet. Det er ei samanstilling av avløpet si samla miljøpåverknad og avbøtande tiltak. Sannsynvurderinga skildrar kor store positive eller negative verknadar planen vert rekna å få på miljøet.


Den økologiske tilstanden på resipienten er vurdert etter følgjande statusklasser:

Statusklasse	EQR
Særs god	0,8-1,0
God	0,6-0,8
Moderat	0,4-0,6
Dårleg	0,2-0,4
Særs dårleg	0-0,2



Figur 1 Konsekvensvifte

6.2 Områdeskildring



Figur 2. Klosterfjorden

Nordre Buvika ligg eksponert til Sunnhordlandsbassenget, nord for Ålfjorden som vert rekna å byrje ved Bjørgjø/Bjoaneset. Planområdet ligg til Klosterfjorden med vassførekomst 0260020900-C vassdragsområde 041 (fig. 2).

Klosterfjorden er å rekne som moderat eksponert kyst, og er ein særs god resipient. Fjorden er open og har særs god vassutskifting, og er klassifisert som økologisk «god» av Vann-Nett. Det er definert at miljømålet for 2021 vert nådd for denne fjorden.

6.3 Vassforsyning

Planområdet ligg om lag 1,5 km frå kommunal hovudvassleidning målt langs etablert vegnett. Både Nordre og Søre Buvika har i dag privat vassforsyning, borehol. Det er rikelege grunnvassmengder i

området, tilsiget er særst stort og kvaliteten er rapportert god. Ein tilrår framleis bruk av privat vassforsyning i området.

6.4 Miljøpåverknad

Miljøpåverknaden til vassførekomsten er i dag låg, og særleg låg i høve til resipientkapasiteten. Vannnett.no definerar påverknadsgrada som «liten». Opphaldstida for botnvatnet er gjeven moderat utskifting, men avløpet er også her tilrådd lagt ut i høgare vasslag med betre utskifting.

Rådgivende Biologer AS har i rapport 1038 frå 2007 gjeve Klosterfjorden «meget god» økologisk status. Elementa siktedjupne, turbiditet, fosfor, nitrogen og E. coli vart for målestasjonane i Klosterfjorden funne «meget god» og «meget god/god». Samla vasskvalitet vart gjeven «meget god». Sedimentkvaliteten i fjorden vart gjeven likelydande kvalitet, og førekomst av miljøgifter i sediment gav miljøtilstand 1 – «ubetydeleg/lite ureina». Samla økologisk status gav då «høg» - beste kvalitet.

I samband med Blue Planet sitt kystovervakingsprogram for Hordaland 2014 gjennomførte Rådgivende Biologer AS i rapport 2077 ei ny studie av Klosterfjorden. Ein hadde to målepunkt i Klosterfjorden (nr 5 og 6) som gav «svært god» og «god». Den gode målinga har ein EQR-verdi som ligg tett opp i mot «svært god» status (0,749).

Vassførekomsten utanfor planområdet er ein særst god resipient, og utbygginga gjev eit beskjedent tal PE målt etter talet nye hyttetomter.

Verknadane av planforslaget er vurdert å ha ingen til lite negativt omfang på resipienten, som gjev ubetydeleg til liten negativ konsekvens (-).

6.4.1 Avbøtande tiltak

Området vert rekna å romme somme brukarinteresser, og ein tilrår difor rensklasse a eller b. Som avbøtande tiltak tilrår ein at planen legg opp til etablering av felles kjemisk/biologisk reinseanlegg med 90% reinsing av totalfosfor og BOF5, og at avløpsvatnet vert ført ut i straumførande vasslag på minimum 20 m djupne.